

Prisar Økonomi og leing I og II

Generelt: HLB er ein privat høgskule med lite statsstøtte. Difor er me avhengig av ei viss studentbetaling. Me har likevel vedteke å halda denne så lågt som råd. Samtidig ønskjer me å markera enno tydelegare at studieturane innanfor dei ulike kursa er viktige og integrerte delar av undervisninga. Brorparten av kostnadene med desse er difor inkluderte i modulprisen.

Modulprisar blir sette på grunnlag av faglege aktivitetar og studietur (inkl. gjennomførings- og førebuingkostnader for denne).

Modulprisane dekkjar uansett all undervisning og rettleiing både i klasserom og over elektroniske medium (elektronisk læringsplattfom Moodle). Eksamensavgifter er også inkluderte i modulprisen. Pensumlitteratur er *ikkje* dekkja.

Når det gjeld dei studentar som følgjer undervisning via lokale studiesenter, må kvar student ta kontakt med eige senter for å finna eventuelle lokale avgifter. Desse er ikkje dekkja i studieavgift til HLB.

Prisen på ØK I har blitt oppjustert med 3 000 for 2017/2018, på grunn av overgang frå seks til sju samlingar.

ØK I (30 studiepoeng) – Kr 24 100,-

Modulen inkluderer studietur (samling) til Danmark: Vitensenteret for landbruk i Århus, AU Foulum i Viborg, samt ulike relevante bedrifter i området. Studieturen går over fire dagar i første del av november kvart år.

Følgjande er inkludert i modulprisen:

- Bussreise og ferje t/r Særheim-Danmark
- 3 overnattingar i dobbeltrom på Kro i Jylland (inklusive frokost)

Skulen har ein alternativ tur til Polen, og ønskjer innspel frå studentane om dette.

ØK II (30 studiepoeng) – Kr 22 100,-

Modulen inkluderer studietur(samling) til EU-hovudkvarteret Brussel. Studieturen går over tre dagar i månadsskiftet januar-februar kvart år.

Følgjande er inkludert i modulprisen:

- Flyreise t/r Sola-Brussel (det er også mogleg å reisa frå Bergen og Oslo. Frå Trondheim mot eit lite tillegg)
- 2 overnattingar i dobbeltrom i Brussel (inklusive frokost)

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling
Rogaland Landbrukspark, Særheim
Postvegen 213. 4353 Klepp st.

Telefon 51 79 94 00

E-post post@hbl.no
Heimeside www.hbl.no
Org. nr.: 983 825 680 MVA